



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Statsråden

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref
2014/15115-27

Vår ref
15/470

Dato
13.01.2015

Innkorting av planprosessen E39 Os - Stord - Tilbakemelding

Eg viser til brev av 13.11.2014 der Hordaland fylkeskommune etterlyser ei avklaring av opplegget for den statlege planen for E39 Stord – Os. Eg ber om orsaking for at det har tatt tid før dykk har fått svar.

Det blir vurdert å utarbeide rutinar for beslutning om og utarbeiding av statleg plan. Foreløpig er det avklart at Kommunal- og moderniseringsdepartementet skal godkjenne både planprogrammet og sjølve planen gjeldane E39 Stord – Os.


I brev frå Samferdselsdepartementet til Statens vegvesen datert 20.12.2013 er det gitt føringar for planlegginga på E39 mellom Akسدal og Bergen. E39 Stord —Os skal bli planlagt etter statleg plan på tilsvarende nivå som kommunedelplan. Planlegginga av strekninga mellom Stord og Os (Hordfast) blei satt i gang våren 2014. I oppdragsbrevet frå departementet ligg det ei føresetnad om god lokal og regional medverknad, samt at det skal tas omsyn til kultur- og naturmiljø. Statens vegvesen har nær kontakt med lokale og regionale fagmyndigheit for å sikra at planprosessen støtter krava til medverknad i planprosessen etter plan- og bygningsloven. God medverknad frå starten av er viktig for å ha god kunnskap om planområdet og for å gi alle moglegheit til å komme med innspel. Erfaringa er at dette gir moglegheit for betre løysningar, lågare konfliktnivå og redusert behov for forsinkande tilleggsgutgreiingar seint i prosessen.

Dersom alt går etter planen vil planprogrammet, med tilråding om kva for nokre trasealternativ som skal ble utgreia vidare, vere klart til høyring mai/juni 2015. Planforslaget, med tilrådd traseval, vil vere klart til høyring våren 2016.

Statens vegvesen jobbar no intensivt med eit forprosjekt for kryssing av Bjørnafjorden, og har ute tre oppdrag på ulike bruteknologiar (røyrbru, flytebru og TLP/hengebru). I tillegg gjennomfører Statens vegvesen ein skipsstøtsanalyse og sett snart i gang vind- og

bølgemålinger for å skaffa eit dimensjoneringsgrunnlag for brua. Vegvesenet er òg i gang med eit forprosjekt for hengebru over Langenuen.

Med helsing

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Ketil Solvik-Olsen', written over the printed name below it.

Ketil Solvik-Olsen

Kopi til:
Vegdirektoratet